



Lyngmo-Glytten 22. årgang - Mai 2013 Medlemsblad



GLYTTE



Helsing frå Lyngmo

Det er ei glede å få kome med ei helsing frå Lyngmo - som noko av det siste eg gjer før eg no skal ut i mammapermisjon! For min del venter eit år med bleieskift og byssing - og med kos og synging! Eg gler meg!

Kva som venter for Lyngmo sin del, det gjenstår ennå å sjå! Ein ting som er sikkert er at Endre Hilleren blir vikar for meg! HURRA! Ikkje berre aukast andelen menn som jobbar på Lyngmo, men me får òg ein stabil, munter og ressurssterk kar til jobben - som utan tvil vil bidra med mykje godt!

Endre er godt kjend med Lyngmo,

og Lyngmo er godt kjend med han! Han har vore med på mange leirar og arrangement gjennom tidene, og har òg hatt fleire år som sommarvikar her! Med andre ord så veit me kva me får! :)



Elles er våren på veg her på Lyngmo. På barnelagsbesøk til Skjolden/Fortun fekk eg vere med på vårfest og ha andakt om HÅPET!

Det er håp om ein sommar etter vinteren, håp om at barnet i magen snart kjem ut, og håp om det evige liv saman med Jesus etter dette livet er over! Våren minner oss om håpet! :)

Det er mykje positivt som skjer på Lyngmo, og det gir oss så klart håp for fortsettinga! Me har hatt **Bornas Supersøndag** med fullt hus og bra trøkk, **16:30-leir** med mange ungdommer som er glad i Jesus, og **Vi over 60-leiren** er full for lenge sidan, for å nevne noko.

Som alltid: Me er takksame for all forbøn og all dugnadsinnsats! Helsing Siv Anita :)

Framsidedfoto: Leik og moro på 16-30- leir.

Fotograf: Endre Hilleren



Kjekt å vaske golv på Lyngmo..?

Fleire ganger i veka er det golv, internatrom, bad, toalett og kjøkkengolv som skal vaskast. Det går med mange timar til dette og då er det ein fordel med gode hjelpemiddel! Vinteren 2012 kom det ny poleringsmaskin og ein stor haug med nye moppar og filler på Lyngmo. Då hadde spørsmålet blitt stilt fleire ganger blant oss som er tilsette; om me hadde eit godt og effektivt vaskesystem. Svaret vart kvar gang at systemet vårt var tungvint, utdatert og klart for utskifting. Dermed vart det innhenta ekspertise frå Lilleborg Professional, pengar vart løyvde i budsjettet og dermed vart det lagt til rette for at reinhaldskvardagen kunne verta litt enklare! Me har tre flinke dugnadsteam som fast hjelper til med polering av golv. Dei er ein del av den store og fantastiske dugnadsstaben me har på Lyngmo!!




Draumen om eit nybygg

Heilt sidan det nye internatet stod ferdig i 2004, har det vore meir og mindre konkrete planar for kva som skal skje med den gamle internatdelen. Me har hatt tankar, draumar, gode og dårlege idear for kva som kunne gjerast med den delen som står igjen frå Lyngmo opna dørene i 1965. Styret for Lyngmo jobbar for tida aktivt med desse planane. Vurderingar gjort saman med fagfolk syner at å investere i bygget slik det er i dag ikkje er anbefalt. Dermed er det riving og nybygging som er alternativet me må jobbe med. Nokre av dei som bruker Lyngmo mest har fått kome med innspel på kva eit nytt bygg kan innehalda. Tenk om me kunne få klatrevegg, gymsal, tørkerom, multimediarom, bønnerom osv til bruk på leirane våre..! Håpar at du vil sjå framover og drøyme saman med oss!!



Pangstart 2013

- Ein ny og annleis leir for deg som er 11-13 år.(2000-2002)
- Eit samarbeid mellom Lyngmo og trusopplæringa i Luster og Sogndal/Leikanger.
- Lagt til veka før skulestart, fordi vi veit at mange foreldre då er attende på jobb, medan borna fortsatt har fri. Då kan det vere fint å reise på leir, på Lyngmo!
- Gir deg nokre flotte, aktive dagar før skulestart, slik at du er klar for ein ny og spennande haust på skulen!
- Morgonsamlingar med bibel og bøn
- Kreative grupper
- Bading og padling i kano
- Gudsteneste
- God mat!



Leirtraveren

Navn:

Dordi Boksasp Lerum

Kjemfrå/bur::

Sørheim

Alder/klasse:

10 år,5.klasse

Har du vore mange gonger på leir?

5 gonger

Kva leir likar du best?

Barnas Sangleir

Kva var kjekkast på denne leiren?

Leirkvelden og synginga

Kva er kjekkast på leir generelt?

Få vere ei heil helg uten foreldre og få seg nye venner.

Synes du det er greit å lære noko om Jesus når du er på leir?

Ja

Kjem du att på leir?

Ja! Det er kjempe moro, skal vere med på så mange leirer eg kan!



Ny internettressurs

På ungdomsleiren i vinter hadde me besøk av Silje og Oddvar Husum til å undervise i seksualitet og samliv. Dei fortalde om ei ny internettside som kan vere ein god ressurs for både ungdom, ungdomsleiarar og vaksne - til vegleiing innanfor mange utfordrande tema! Sjekk den gjerne ut! GuttogJente.no er ein nettstad som tilbyr unge menneske vegleiing i tema som kropp, identitet, forhold og seksualitet ut ifrå eit kristent livssyn. I kristne miljø kan det å snakke om sex og samliv

GuttogJente.no

bli eit tabu. GuttogJente.no ønskjer å informere om slike tema, og samtidig gje ein mulegheit kor ungdom anonymt kan stille spørsmål dei kanskje elles aldri ville turt å stille. Nettsida vil òg fungere som ein ressurs for ungdomsleiarar og vaksne som ønskjer å snakke med ungdom om tema som har med seksualitet og kjensler å gjere. (Kjelde: sambåndet.no)

UL - stor ungdomsfestival i Kongeparken

ul.no
Tema: #follow
Festival som forandrer!

30. juli -
3. august
2013
Kongeparken
Ålgård

UL er en kristen festival som samler flere tusen ungdommer! Alder: 15 år og oppover. Info og påmelding på ul.no

Sommaren er festivaltid!!! Mange nyttar ferietida til å reise på ulike festivalar. For deg som er 15 år og oppover vil me svært gjerne anbefale å reise på UL i Kongeparken!! Dette er ein kristen festival som samlar fleire tusen ungdommar. Eigarane til Lyngmo er arrangørar.



Dette skjer på Lyngmo:

Mai:

- 16. Ungdomsarrangement
- 17. *UTGÅR*: Fest på nasjonaldagen!
- 27-30. Vi over 60

Juni:

- 7-9. Leir for 7. - 10. klasse
- 14-16. Leir for 2. - 4. klasse
- 21-24. Leir for 5.- 7. klasse
- 30.juni - 8. juli - Bibelsommar i Vest

Juli:

- 28. juli - 3. aug Familieferie Ungdom i Oppdrag

August:

- 11.- 15. Pangstartleir for 5-7. klasse
- 24 - 25. Bibelhelg

Selskap

Lyngmo vert nytta til selskapslokale. Ta gjerne kontakt for tilbod i samband med konfirmasjon, dåp, bryllaup, slektstreff, minnestunder, kurs, konferansar og andre arrangement!

Me ønskjer særleg velkommen til:

Bibelsommar i vest 30. juni - 8. juli 13
Bibelcamping på Lyngmo Ungdomssenter i Sogn

- ♦ Feriedagar for heile familien (0 - 100 år)
- ♦ Bibeltimar, barnemøter, seminar
- ♦ Aktivitetar, turar, sosialt
- ♦ God mat og fellesskap
- ♦ Meir info på www.lyngmoinfo.com

Vi over 60 (27. - 30. mai)

Eit populært arrangement, som kombinerer god forkynning, mat og fellesskap. Kåre Eikrem og Kirsti Strand er med som talarar.

Internatmøte for kvinner (20.-22. sept)

Eit populært arrangement med lang tradisjon. Fokus på fellesskap og misjon!

Gåvegiro

I 2012 var det 526 leirdeltakarar på barne- og ungdomsleirane på Lyngmo. Det er inspirerende for oss som arrangørar å ta i mot så mange deltakarar. Lyngmo er avhengig av frivillige gåver for å kunne gje eit godt leirtilbod til born og ungdom! Dersom du har lyst til å støtte arbeidet på Lyngmo, så bruk gjerne giroen under!

Tusen takk!

Betalingsinformasjon

Gåve

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 12
6869 Hafslø



3720 07 68427



Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 12
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post: lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside: www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3720.07.68427

B ØKONOMI
ÉCONOMIQUE



SOMMARLEIR LYNGMO 2013!

Påmelding og informasjon til
bua@lyngmoinfo.com
eller ring 57 68 43 66

2 - 4. kl: 14 – 16 juni, pris 435,-
5 - 7. kl: 21 – 24 juni, pris 660,-
7 - 10. kl: 7 – 9 juni, pris 600,-
Pangstart 11 - 13 år:
12. – 15. august, pris 720,-

